

NORDISKE STUDIER I LEKSIKOGRAFI

| | | |
|------------|---|--|
| Titel: | Kva gjer ordbøker når rettskriving, ordklassar og til og med kommunegrenser endrar seg? | |
| Forfatter: | Klara Sjo & Gyri Smørdal Losnegaard | |
| Kilde: | Nordiska studier i lexicografi 16, 2023, s. 335–348 | |
| URL: | https://tidsskrift.dk/nsil/issue/archive | |

© Respektive författare, Nordiska föreningen för lexicografi och Meijerbergs institut för svensk etymologisk forskning, 2023

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavspersonen til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Kva gjer ordbøker når rettskriving, ordklassar og til og med kommunegrenser endrar seg?

Klara Sjo & Gyri Smørdal Losnegaard

This article describes how the dictionary updating projects at the University of Bergen deal with changes in 1) spelling, 2) grammar and 3) geographical-administrative borders, in view of the type of dictionary, publication format and audience. NO-AH revises the documentation dictionary *Norsk Ordbok*, and Revisjonsprosjektet revises *Nynorskordboka* and *Bokmålsordboka*, the standard spelling dictionaries of Norwegian.

An important factor in addressing changes and meeting user expectations is to exploit the possibilities in online publishing. By connecting the dictionaries to digital resources like ordbanken and Metaordboka, changes in orthography and part of speech updates automatically and quickly. *Norsk Ordbok* uses geographical references, and we outline different ways of presenting geographic data to deal with changing geographical borders and administrative names. A solid and flexible “did you mean”-feature helps find the correct word form when searching in *Nynorskordboka* and *Bokmålsordboka*. A similar solution could be used to find the official forms when users search with outdated forms in these dictionaries, and to find dialect forms in *Norsk Ordbok*.

NØKKELOD: nettdordbøker, revisjon, rettskriving, ordklasse, geografi

1. Innleiing

I 2016 overtok Universitetet i Bergen (UiB) standardordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* (ordbøkene.no) og dokumentasjonsordboka *Norsk Ordbok* (NO) frå Universitetet i Oslo. Dei tre ordbøkene blir i dag oppdaterte i to revisjonsprosjekt: *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* i Revisjonsprosjektet (2018–2024) og *Norsk Ordbok* i prosjektet NO-AH (2019–2029). Opphavelag var dette trykte ordbøker med form og innhald tilpassa papirformatet som etter kvart fekk nettutgåver: standardordbøkene i 1994 og NO i 2014. Etter overføring til UiB er ordbøkene heildigitale, og dei blir no utelukkande skrivne og tilrettelagde for visning på nett.

Med nettsidene som einaste publiseringsplattform er det ei sentral oppgåve i begge prosjekt å skape fullverdige digitale ordbokkressursar. Men revisjonen byr på problemstillingar knytt til endringar i rammeverk som ordbøkene bygger på: Korleis og i kva grad skal retningsliner og praksis i redigeringa av ordbøkene justerast når forhold har endra seg sidan dei blei skrivne? Her spelar både publiseringsformat, typen ordbok og målgruppa til den respektive ordboka inn.

I artikkelen tar vi føre oss endringar i 1) offisiell rettskriving, 2) grammatiske kategoriar og 3) geografisk-administrative inndelingar. Vi viser korleis strukturelle endringar på desse ulike områda påverkar dei to ordboksprosjekta, og korleis dei blir handterte i dei ulike ordbøkene.

2. Om prosjekta og ordbøkene

Bokmålsordboka og *Nynorskordboka* blir no gjennomgått fullstendig, for første gang sidan dei blei skrivne på byrjinga av 1980-talet. Standardordbøkene er normgjevande og brukte som referanse for dei som skal skrive normert norsk i skule, lærebøker og offentleg forvaltning. UiB og Språkrådet eig standardordbøkene i fellesskap. UiB har det redaksjonelle ansvaret, og Språkrådet som normgjevande organ står på eigarsida både i standardordbøkene og Norsk ordbank (ordbanken), databasen som ordbøkene hentar rettskrivingsopplysningar frå. Språksamlingane ved UiB driftar ordbøkene og tilknytte databasar.

Standardordbøkene dekker sentrale delar av ordforrådet. Artiklane viser bøying, ein relativt kortfatta definisjon, eksempel på bruk og eventuelt ein kort etymologi og uttale. Hovudmålsetjinga for prosjektet er å gjere utvalet av oppslagsord i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* likare, sørge for at innhaldet er i tråd med dagens språkbruk, og ta inn nye oppslagsord og tydingar. Etter revisjonen vil bøkene ha eit omfang på om lag 100 000 ord kvar.

I 2021 og 2022 hadde vi to brukarundersøkingar på nettsidene (sjå Rauset 2022), med rundt 7000 respondentar på kvar. Den primære målgruppa for ordbøkene.no er av UiB definert som studentar og undervisarar i heile utdanningsløpet (Rauset 2022), men svara i undersøkinga tyder på ei meir samansett brukargruppe. I respondentgruppa utgjer saksbehandlarar, dei som skriv som ein del av jobben og omsetjarar 34 %, elevar og studentar 21 % og undervisarar 16 %. Vidare definerer 22 % seg som

språkinteresserte og 7 % anna. Ikkje minst seier heile 20 % at dei har eit anna førstespråk enn norsk, ei ny gruppe det er viktig å legge til rette for.

Prosjektet Norsk Ordbok a–h (NO-AH) reviderer alfabetstrekket a–h i NO, som er ei dokumentasjonsordbok over det nynorske skriftspråket og dei norske dialektane. Ordboka bygger på ei omfattande kjeldesamling av både litterære kjelder og målføredokumentasjon. UiB eig ordboka og dei fysiske og digitale samlingane, som er forvalta av Språksamlingane. NO er omfangsrik og informasjonstung. Ordboka har meir enn 330 000 artiklar og inneheld mange typar opplysingar: om kjelder, uttale, geografisk plassering og utbreiing av dialektord. Målgruppa er forskarar innan humaniora, lærarar og lekfolk med interesse for språk og språktradisjon (Vikør 2018:10). Bruk av ordboka krev bakgrunnskunnskap, og brukarane vil vere relativt avanserte samanlikna med brukarane av ei standardordbok. Det digitale rammeverket til NO er under utvikling og dei tekniske løysingane skal bygge på rammeverket som er utvikla ved UiB for ordbøkene.no.

3. Offisiell rettskriving

Norsk er kjenneteikna av ei norm med stor valfridom og relativt hyppige språkreformar. Dei siste store språkreformene var i 2005 for bokmål og 2012 for nynorsk, men det kjem mindre endringar med jamne mellomrom, både for rettskriving og bøyning.

Bokmålsordboka og *Nynorskordboka* skal som normgjevande ordbøker vise dei gjeldande skrivemåtane og bøyingsmønster for alle ord. Språkrådet fastset skrivemåte og bøyingsmønster for ord, og desse blir lagde inn i ordbanken, som ordbøkene.no er knytte til. Ordbanken blei opphavelig utvikla ved Universitetet i Oslo og samlar rettskrivingsinformasjon for norsk språk (Grønvik & Ore 2014). Ordbanken er to databasar – ein for nynorsk og ein for bokmål – av grunnord og bøyingsmønster og kopling mellom dei. Ordbanken lenker kvar grunnform til eitt eller fleire bøyingsmønster. *Nynorskordboka* blei kopla til ordbanken i 2012 og *Bokmålsordboka* i 2015.

Koplinga mellom ordbanken og ordbøkene.no gjer at alle endringar i rettskriving og bøyning blir automatisk oppdaterte i standardordbøkene. Oppdatering og vedlikehald av ordbanken føregår hos UiB som saman med Språkrådet har det overordna ansvaret for utviklinga av ressursen.

Ordbanken viser òg historikken til eit ord, altså skrivemåtar og former som er gått ut av norma (sjå figur 1), men berre dei normerte formene blir viste i ordbøkene.

| |
|---|
| jente NOUN (f2) |
| ID: 1043015 |
| Kilder: NN/35459, NN_ORDBOK/35459, NOB_2013/35459 |
| Markdown: |
| Funksjon: lemma |
| Normering: normert fra 1959-08-01 |
| <input type="button" value="Tabell"/> |
| Paradigme: 2385 [normert : 1959-08-01 -] |
| Inflection group: NOUN_reg_fem |
| jente NOUN Fem Sing Ind jenta NOUN Fem Sing Def jenter NOUN Fem Plur Ind jentene NOUN Fem Plur Def |
| Paradigme: 2386 [unormert : 2012-08-01 -] |
| Inflection group: NOUN_reg_fem |
| jenta NOUN Fem Sing Ind jenta NOUN Fem Sing Def jentor NOUN Fem Plur Ind jentone NOUN Fem Plur Def |
| Paradigme: 2386 [klammeform : 1996-01-01 - 2012-07-31] |
| Inflection group: NOUN_reg_fem |
| [jenta] NOUN Fem Sing Ind [jenta] NOUN Fem Sing Def [jentor] NOUN Fem Plur Ind [jentone] NOUN Fem Plur Def |

FIGUR 1. Oppslaget *jente* i ordbanken, som viser normerte og tidlegare normerte former samt klammeform (alternativ normert form).

Redigeringa av *Norsk Ordbok* starta på 1930-talet, og ordboka brukar rettskrivingsnormalen frå 1938. Mens dagens rettskriving f.eks. tillet både a- og e-infinitiv av verb (*hoppa* og *hoppe*), vil ein ikkje få treff i NO om ein søker med e-infinitiv sidan slike former ikkje var del av 1938-normalen. I Språklova frå 2021 blir det stilt krav om at NO skal gje opplysingar om gjeldande offisiell rettskriving i artikkelhovudet.

Norsk Ordbok hentar opplysingar om rettskriving frå Metaordboka (MO), ein leksikalsk database utvikla for ordboka og som fungerer både som rettskrivingsressurs og redigeringsverktøy (Ore 2000, Grønvik & Ore 2018). Mesteparten av kjeldene til *Norsk Ordbok* er digitaliserte, og Metaordboka fungerer som ein felles søkeinnang til dei. Alle registrerte variantar av eit ord, skriftleg eller munnleg, er samla i ein MO-artikkel, og kvar artikkel i *Norsk Ordbok* er oppretta med utgangspunkt i ein MO-artikkel. Figur 2 viser eit utsnitt av artikkelen for substantivet *jente* slik han ser ut i MO. Heilt oppe til venstre ser vi opplysingar om tidlegare og gjeldande rettskriving. Skriftforma *gjente* med *g* var normert form i 1938, men gjekk ut av rettskrivinga i 1959, mens *jente* med *j* har vore normert sidan 1938 – og er det framleis. MO blir no oppdatert med 2012-rettskrivinga for nynorsk.

jente f m (Bokmål, 1938-)

jente f (Nynorsk, 1959-)

gjente f (Nynorsk, 1917-1959)

gjenta f (Nynorsk, 1873-1917)

Ordbokshotell, Artikkel

[Jente](#), [jinte](#), f, f, EidsvollLjødal

[Jentæmi](#), f, p, EidsvollLjødal

[jæntæ](#), f, Hemsedalsm →

[Jennj'æ](#), f, RødøySkauge

[gjente](#), , SolliaModahl.

[jennjæ](#), , NesnaSørens

jæntæ f. jente (ugift kvinne, utan omsyn til alder)
(Hemsedal)

FIGUR 2. Utsnitt av MO-artikkelen for substantivet *jente*.

Til venstre i figur 2, under normeringsinformasjonen, ser vi variantar av ordet *jente* i ulike kjelder. Ordbokshotellet er ein kjeldedatabase som inneheld både ordbøker, ordlister og dialektsamlingar. Under denne overskrifta ser vi bl.a. at uttalevarianten *jæntæ* er belagt i ei dialektordsamling frå Hemsedal. Den aktuelle artikkelen frå ordsamlinga er vist til høgre.

Oppslagsformer i *Norsk Ordbok* er hovudformene frå 1938, og ein søker i ordboka med denne rettskrivinga. Det er ein del skilnader mellom dagens rettskriving og 1938-rettskrivinga, og brukarane er ikkje nødvendigvis kjende med desse, noko som kan vere ei utfordring. Kravet om at ordboka skal vise gjeldande offisiell rettskriving inneber at Metaordboka må oppdaterast med informasjon om kva som er gjeldande normert form og eventuelt bøyingsmønster. Tidlegare normerte og unormerte former må merkast. Dei siste åra er det gjort eit større arbeid med å oppdatere Metaordboka med oppslagsform etter gjeldande norm, jamfør artikkelen for *jente*. Ein viktig del av moderniseringa av NO blir å kople saman Metaordboka og ordbanken slik at ordboka kan vise oppdatert rettskriving og bøyning.

4. Grammatiske kategoriar

Ordbøker viser grammatisk informasjon i ulik grad og på ulike måtar. Artiklar er merkte med ordklasse og eventuelt bøyingsmønster. Definisjonstekstar inneheld òg ofte grammatiske termar for å vise kva for samanhengar eit ord er brukt i. Endringar i grammatikk og grammatisk inndeling er relativt sjeldan, men ikkje uhøyrd. I 2005 kom Språkrådet og Utdanningsdirektoratet med ei anbefaling av nye grammatikktermar for skuleverket (Språkrådet 2005), som i stor grad baserte seg på *Norsk referansegrammatikk* (Faarlund et al. 1997). Inndelinga i referansegrammatikken skilde seg frå den gamle ved at ordklassene talord, artiklar og infinitivmerke gjekk ut, og ordklassene subjunksjonar og determinativ kom til. Dei nye ordklassene tar i større grad omsyn til kva for utfylling orda tar. Tabell 1 viser gamle og nye ordklasser i referansegrammatikken og dei viktigaste endringane i den nye inndelinga.

TABELL 1. Gamal og ny inndeling av ordklasser og skilnadene.

| Gamal inndeling | Ny inndeling | Skilnad |
|-----------------|--------------|---|
| Substantiv | Substantiv | |
| Verb | Verb | |
| Adjektiv | Adjektiv | I tillegg: ordenstal |
| Pronomen | Pronomen | Endring: Fleire undergrupper av pronomen går til determinativ, og <i>som</i> går til subjunksjon og preposisjon |
| Artikkel | | Går ut som ordklasse Artiklar går til determinativ |
| | Determinativ | Ny ordklasse Artiklar, nokre pronomen, grunntal |
| Talord | | Går ut som ordklasse Grunntal går til determinativ, ordenstal går til adjektiv |
| Adverb | Adverb | |
| Preposisjon | Preposisjon | I tillegg: <i>som</i> , <i>enn</i> med substantivfraser og pronomenfraser |
| Interjeksjon | Interjeksjon | |
| Konjunksjon | Konjunksjon | Endring: Underordnande konjunksjonar (<i>at</i> , <i>om</i> , <i>fordi</i> osv.) går til subjunksjon |
| Infinitivmerke | | Går ut som ordklasse Infinitivmerke (<i>å</i>) går til subjunksjon |
| | Subjunksjon | Ny ordklasse Omfattar infinitivmerket og tidlegare underordnande konjunksjonar, <i>som</i> og <i>enn</i> med leddsetning som utfylling |

Som offisielle og normgjevande held standardordbøkene seg til den gjeldande grammatiske terminologien. Standardordbøkene kom ut for første gang i 1986, og begge ordbøkene har blitt oppdaterte etter nye normer, særleg etter ny rettskriving for bokmål i 2005 og nynorsk i 2012, men det har ikkje vore løyvd pengar til ei omfattande innhaldsrevidering av ordbøkene. Etter at standardordbøkene kom på nett i 1994, har ein del nye ord og tydingar blitt lagde til, men Revisjonsprosjektet er den første gjennomgåande revisjonen. Vi kan no raskt endre informasjonen i artikkelhovudet med bruk av ordbanken, men det som er skrive i sjølve artiklane, må vi gå gjennom ein for ein. Det vil seie at skrivemåten og den grammatiske informasjonen i hovudet på artiklane er oppdatert, men der det er grammatisk informasjon i artiklane, nyttar desse inndelinga og terminologien frå det gamle systemet. Dette er tydeleg i dei meir komplekse funksjonsorda.

sia el. **sidan** adv (norr *síðan*; smh med *II sist*)

1 etter den tid, etterpå, seinare *det skal vi snakke om s- / s- før dei heim / så og så lang tid etter at noko hende det er to år s- / endeleg, omsider seint og s- **2** tidskonj: (i tida) etter at *du har vakse s- eg såg deg* **3** årsakskonj: fordi, på grunn av at *s- du kjem så seint, lyt du stå / han kan betale s- han har så god råd* **4** prep: frå – av; etter *ho har budd der s- nyttår**

FIGUR 3. Oppslaget for *sia/sidan* i 3. utgåve av Nynorskordboka, 2001, før den nye ordklasseinndelinga.

Eit eksempel er ordet *sia/sidan* (figur 3). I papirordboka frå 2001 står ordet som eit adverb, men med undertydingar som viser at det er brukt som tidskonjunksjon, årsakskonjunksjon og preposisjon. Konjunksjon er her brukt etter den gamle inndelinga, *sidan* blir i dag rekna som ein subjunksjon. Etttersom ein ikkje har gått inn i den einskilde artikkelen for å endre denne informasjonen, har han blitt ståande urørd fram til dagens revisjon. I den nye utgåva er artikkelen for *sia/sidan* splitta i tre homografar – adverb, subjunksjon og preposisjon – etter funksjon og ordklasse, òg for å gjere dei ulike funksjonane i ordet klårare. Dette følger òg trenden der digitale ordbøker, utan dei same plassavgrensingane som dei fysiske, i større grad gjev ulike funksjonar eigne oppslag. Denne

splittinga gjer det enklare for hovudbrukargruppa, som kjenner inndelinga frå lærebøker, å gjere seg nytte av den grammatiske informasjonen i artiklane.

Norsk Ordbok brukar den tradisjonelle ordklasseinndelinga. Ved kopling til ordbanken vil Metaordboka få tilgang til oppdaterte opplysingar om ordklasse, bøyning og rettskriving.

5. Geografisk-administrative inndelingar

Noreg har hatt fleire større reformer der administrative einingar er slått saman. Resultatet er nye kommunegrenser og reduksjon av talet kommunar. I begge typane ordbøker gjer nye kommunar og kommunegrenser at ein må ta stilling til korleis ein skal handsame nemningar for innbyggjarar i nye og gamle kommunar. For *Norsk Ordbok*, som inneheld dialektopplysingar og plasserer dialektord og -uttale geografisk, har slike endringar ført til at dei geografiske referansane i fleire tilfelle blir upresise.

Artiklane i *Norsk Ordbok* bygger på dokumenterte førekomstar av oppslagsord i skrift og tale. Dokumentasjonen av dialektord og -uttale kjem frå informantar i form av ordopplysingar frå setlar eller dialektord-samlingar. Opplysinga om kvar i landet ordet eller uttalen er henta frå, kallar ein *heimfesting*, og lågaste heimfestingsnivå er kommunen. NO baserer seg på kommuneinndelinga frå 1947 som var det tidspunktet landet hadde flest kommunar (747). Etter siste reform i 2020 er det 358 kommunar i landet. Mange av kommunane i 1947-inndelinga eksisterer dermed ikkje i dag, eller ser annleis ut enn tidlegare. Ordboka har digital kartvising, som gjer det mogeleg for brukarane å sjå kvar dei gamle kommunane låg.


I nettutgåva av NO blir opplysingar om dialektal variasjon i uttalen av ord viste i feltet Målføreformer. I figur 4, som gjev eit utsnitt av nettvisinga til artikkelen for substantivet *regn*, ser vi dialektopplysingane i det kvite feltet under oppslagsordet. Dette ordet har to registrerte uttalevarianter, *rign* og *ringn*. Uttalen er heimfesta til Nissedal kommune på Austlandet, Agder fylke på Sørlandet, og Sogn (So), Jostedal og Sunnfjord (Sfj), som alle er del av det som tidlegare var Sogn og Fjordane fylke.

regn substantiv, inkjerkjønn

Målføreform (måleforevariasjon annan enn lik oppslagsord eller sjølvgeven)

*ri(n)gn*Nissedal, Agder, So A1, Jostedal, Sjø **Kart****1.** METEOR., nedbør i form av vassdropar*tungt, kraftig, lett, mildt, fint regn**det fell, kjem regn*FIGUR 4. Dialektopplysingar for substantivet *regn* i Norsk Ordbok.

Eit eksempel på unøyaktigheit som følger av nye kommuneinndelingar, er heimfestingar frå den tidlegare kommunen Haus, som låg på begge sider av Osterfjorden, i det som då var Hordaland fylke. Ein av informantane til *Norsk Ordbok* kjem frå Gjerstad sør på øya Osterøy. I 1964 blei Haus og fleire andre kommunar slått saman til Osterøy. Figur 5 viser korleis gamle Haus kommune (mørk lilla) etter 1964 er delt mellom det som no er kommunane Osterøy og Bergen (gule omriss) på kvar si side av fjorden – Osterøy på nordsida og Bergen på sørsida. Gjerstad (raud sirkel) høyrer til dagens Osterøy.



FIGUR 5. Gamle Haus kommune er i dag delt mellom Osterøy og Bergen.

Når ei uttaleopplysing i NO er heimfesta til Haus kommune, kan dette altså referere anten til ein del av dagens Bergen kommune eller ein del av dagens Osterøy kommune. Om ein går inn i det digitale setelarkivet og søker på Haus, vil ein sjå at dei fleste opplysingane derfrå kjem frå informanten frå Gjerstad, og dermed frå Osterøy. Men i kartvisinga, som viser 1947-inndelinga med kommunen som lågaste geografiske nivå, får ein ikkje ei presis lokalisering. Der får ein berre sjå kommunen Haus – som altså låg på begge sider av fjorden i 1947 (jf. figur 5). Med tilgang til kartvising og kjeldemateriale kan brukarane sjølve undersøke opplysingane ved å gå til kjeldematerialet.

Å bevare den opphavslege geografiske inndelinga i NO har i seg sjølv dokumentasjonsverdi. Relativt få av dagens brukarar kjenner 1947-inndelinga, og vi må rekne med at dei både vil ønske og stille krav om å kunne søke etter dagens geografiske inndelingar. I kartvisinga kan ein sjå føre seg fleire løysingar når ei dialektopplysing er heimfesta til Haus:

1. Vise ny inndeling, dvs. både Osterøy og Bergen, sidan Haus var delt mellom det som i dag er to kommunar. Til saman dekker dei eit mykje større område enn Haus gjorde, og ei slik heimfesting blir dermed endå meir upresis enn ho er i dag.
2. Vise dagens Osterøy kommune. Då bør redaksjonen gå gjennom alle gongane Haus er brukt i *Norsk Ordbok*, og kontrollere om belegga faktisk er frå Osterøy.
3. Vise geolokalisering (punktmerking), som er uavhengig av administrative inndelingar, slik ein kan sjå det i f.eks. Google Maps.
4. La brukarane velje mellom ny og gammal inndeling når dei søker, og sørge for god dokumentasjon og bruksretteleing.

Felles for *Norsk Ordbok* og standardordbøkene er spørsmålet om korleis vi skal presentere kommunale innbyggarnemningar. Kva gjer vi med utdatterte nemningar for innbyggjarar i nedlagde kommunar, og kva gjer vi når nye namn enno ikkje er bestemt eller har festa seg i bruk?

Standardordbøkene viser berre nemningar for innbyggjarar som er i faktisk, allmenn bruk. For å unngå formuleringar som «i tidlegare x kommune» og dermed knytte ordet til administrative einingar, nyttar standardordbøkene etablerte namn på geografiske regionar, som stadnamna Jæren eller Haugalandet framfor det administrative namnet Rogaland,

sidan dei geografiske namna er meir presise og mindre omskiftelege enn dei administrative. Innbyggarnemningane i standardordbøkene blei gjennomgått systematisk hausten 2019, før den siste kommunereforma i 2020, og det er fleire nemningar frå kommunar som ikkje lenger finst i ordbøkene.no, som *lindåsing*, etter den tidlegare kommunen Lindås. Denne kommunen er no ein del av den nye kommunen Alver. Den nye nemninga *alverbu* har enno ikkje festa seg heilt i språket, og er per dags dato ikkje tatt inn i standardordbøkene, men kan takast inn om bruken held fram.

NO-AH har kartlagt nye og nedlagde kommunar i alfabetstrekket *a–h* og innbyggarnemningar knytt til dei aktuelle kommunane. Sidan NO brukar inndelinga frå 1947, tar ein med innbyggarnemningar frå denne perioden. Problemstillinga med nedlagde kommunar gjeld også kommunar som blei lagde ned i 1967, på same måte som kommunar som forsvann i 2020. Det viser seg også at seinare redigeringspraksis ikkje har halde seg strengt til 1947-inndelinga. På bakgrunn av undersøkinga blir retningslinjene for innbyggarnemningar no reviderte.

6. Oppsummering og diskusjon

I en revisjonsprosess må ein forhalde seg til endringar. Vi har prøvd å vise ulike utfordringar knytt til endringar i rettskriving, grammatikk og geografi i standardordbøkene og *Norsk Ordbok*, og korleis vi har prioritert og prøvd å løyse desse utfordringane på bakgrunn av typen og brukarane av den aktuelle ordboka.

At norsk rettskrivingspolitikk er prega av stor valfridom og frekvente justeringar, fører med seg krav om fortløpande oppdatering av ordbøker som skal vise norma. I begge prosjekt blir endringar i rettskrivinga handterte ved at ordbøkene er kopla til digitale rettskrivingsressursar. Drift og vedlikehald av rettskrivingsdatabasane er dermed avgjerande for at ordbøkene skal kunne vise fram gjeldande rettskriving og grammatikk. Det viktigaste i standardordbøkene er å vise fram den gjeldande norma, og koplinga til ordbanken gjer at artikkelhovudet alltid er oppdatert. I NO-AH blir visning av gjeldande rettskriving og nye grammatiske kategoriar mogeleg ved oppdatering av Metaordboka og kopling av Metaordboka til ordbanken.

At *Norsk Ordbok* brukar ei eldre geografisk inndeling kan komme i konflikt med brukarane sine forventningar og krav. Vi må derfor vurdere

om vi skal vise fram, og gjere det mogeleg å søke etter, ny og gammal inndeling i heimfesting og kartvisning. I begge prosjekta må redaksjonane vere merksame på at kommunegrenser endrar seg, men nemningar for innbyggjarar i nye kommunar må feste seg i bruk før ein kan ta dei inn i ordbøkene.

Mange tenker på nettordbøker som ein del av nettet, og at desse er underlagde dei same reglane for søk som søkemotorar. Både standardordbøkene og *Norsk Ordbok* har behov som kan løysast med hjelp av digitale løysingar, men brukarane har ulik digital kompetanse, ulike forventingar og stiller ulike krav.

Brugarundersøkingane på nettsidene til ordbøkene.no viste at viktigaste grunnen til at folk søker i ordbøkene, er rettskriving (22,4 %) og bøying (32,4 %), og det er å vente at brukarane faktisk er usikre på skrivemåten. Dermed er det viktig at søkefunksjonen er god nok til at ein finn det aktuelle ordet, både i bøygd form og når det er feil stava, f.eks. ved hjelp av ein god «meinte du?»-funksjon. I eit språk som har såpass frekvente rettskrivingsendringar som norsk, kunne det i ei rettskrivingsordbok òg vere nyttig å knyte unormerte og tidlegare normerte former til dei normerte, slik at dei normerte formene blir vist når ein søker på dei ikkje-normerte. Dette er mogleg ved koplinga til ordbanken sidan informasjonen finst der.

Ein viktig del av den tekniske oppgraderinga av *Norsk Ordbok* blir å avklare kva for informasjon ein ønsker å gjere tilgjengeleg for brukarane i vising og søk, og korleis det skal gjerast. Grunnlagsmaterialet til NO er mykje meir innhaldsrikt enn det som er vist i dagens ordbok. Med nye tekniske løysingar vil det bli mogeleg å vise fram variasjon i skrift og tale i større grad. Ein kan presentere geografisk informasjon på ulike måtar, og frå ulike epokar. Dei geografiske opplysingane i ordbokbasen gjer det i teorien mogeleg å søke etter ord og uttale ikkje berre frå tidlegare kommunar, men også frå ein særskild stad. Her kan også ein «meinte du»-funksjon brukast til å hente fram dialektvariantar, noko som ikkje er mogeleg i dag.

Digitalt format gjer det mogeleg å integrere og tilpasse informasjon, og i større grad la brukarane velje sjølve. Med det meiner vi at vi kan gje brukarane val, slik at ein kan søke både i nye og gamle geografiske inndelingar eller i normerte og unormerte former, og likevel få treff som blir oppfatta som relevante og riktige. Det digitale formatet gjev oss høve til å ikkje berre lage ei ordbok for éi tenkt målgruppe, men å femne alle – ikkje berre dagens, men også morgondagens brukarar.

Litteratur

- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie & Kjell Ivar Vannebo 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grønvik, Oddrun & Christian-Emil Ore 2014. Samvirket mellom ordbank og ordbok. I: Fjeld, Ruth Vatvedt & Hovdenak, Marit (red.). *Nordiske studier i leksikografi* 12. Oslo: Nordisk förening för lexikografi, 139–158.
- Grønvik, Oddrun & Christian-Emil Ore 2018. Bokmål og nynorsk samindeksert – Metaordboka som verktøy for jamføring og utforsking av ordtilfang. I: Svavarsdóttir, Ásta, Halldóra Jónsdóttir, Helga Hilmisdóttir & Þórdís Úlfarsdóttir (red.). *Nordiske studier i leksikografi* 14. Reykjavik: Nordisk förening for lexikografi, 87–95.
- Hovdenakk, Marit, Laurits Killingbergtrø, Arne Lauvhjell, Sigurd Nordlie, Magne Rommetveit & Dagfinn Worren (red.) 2001. *Nynorskordboka*. 3. utgåve. Oslo: Samlaget.
- NO = *Norsk Ordbok*. 1930–. Oslo: Samlaget. Universitetet i Bergen. I: <no2014.uib.no> og <norsk-ordbok.no>. Henta september 2022.
- Ordbanken = *Norsk ordbank – nynorsk* <<https://inger.uib.no/perl/search/search.cgi?appid=73&tabid=1116>> *Norsk ordbank – bokmål* <<https://inger.uib.no/perl/search/search.cgi?appid=72&tabid=1106>>. Henta februar 2023.
- ordbokene.no = *Bokmålsordboka*. Språkrådet og Universitetet i Bergen & *Nynorskordboka*. Språkrådet og Universitetet i Bergen. I: <ordbokene.no>. Henta september 2022.
- Ore, Christian-Emil 2000. Metaordboken – et rammeverk for Norsk Ordbok. I: Gellerstam, Martin, Kristinn Jóhannesson, Bo Ralph & Lena Rogström (red.). *Nordiska studier i leksikografi* 5. Göteborg: Nordisk förening för lexikografi 250–270.
- Rauset, Margunn 2022. Brukarmedverknad i utvikling av nettsida ordbøkene.no. *LexicoNordica* 29, 97–118.
- Språkrådet og Utdanningsdirektoratet 2005. *Grammatiske termer til bruk i skoleverket*. <<https://www.sprakradet.no/globalassets/sprakhjelp/gramterm.pdf>>.
- Vikør, Lars 2018. *Inn i Norsk Ordbok. Brukarrettleiing og dokumentasjon*. Oslo: Samlaget.